

Sjørøvarkuta på veg, men er Sprød sprø?

07.06.2011



Sjørøvarkuta har runda Flatholm eit tidlegare år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det skjer mykje i sjørøvarverda i desse tider.
Forrige dagen smalt ei pjuskete brevdue i stovevindauga
til ei av Aktivitetshusets Damevenner med følgande beskjed:**

Kjære alle medpirater i Uskedalen!

Vår alles kjære Sjørøvarkaptein Sprød har ikkje vore seg sjølv sidan vi forlot dåkei fjar sommar. Han smiler og ler heile tida – noko som sjølvsagt er heilt uhørt når du skal vera ein fryktinngytande sjørøvarkaptein på dei Syv Hav! Når vi er på skattejakt, må vi gå framføre og lesa kart, medan Kaptein Sprød kjem plystrande og slentrante laaaangt bak oss.

Og han eh..mhmm..luktar på absolutt alle blomane han finn langs vegen.. Når vi andre syng skumle sjørøvarsongar som handlar om dødmannskister og flasker med rom, sit Kaptein Sprød og nynnar på “blue eyes – baby’s got blue eyes” – ein gammal Elton John-låt som ikkje har vore nokon hit på mange hundre år! Vi andre har laga oss lange huskelister over proviant vi skal huska å hamstra i Uskedalen – på Kaptein Sprød si liste står det kun “Sukkerspinn”.

Vi er rett og slett bekymra for at det feiler Sjørøvarkaptein Sprød noko alvorleg. Vi håpar dåke kan hjelpe oss å finna ut av dette når vi ankrar opp i Uskedalen 11.juni

Helsing Arnold Pirat”

Samtidig kjem det no skumle rykter rekande på ei fjøl om at sjørøvar Halefjert m/mannskap er observert om bord i skuta til Sjørøvarkaptein Sprød, medan ingen veit kor det er blitt av Sprød og mannskapet hans.

Vi er litt usikre på kva som foregår, men vi oppmodar alle store og små sjørøvarar til å møta opp i båthavna på laurdag for å sjå kva som skjer...

Aktivitetshusets Damepirater